

HYRDINGEN



NR. 2

Mai 2021

ÅRGANG 63

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Biletet er henta frå ei av dei fem gudstenestene som vart overført på internett i påska. Sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde lyser velsigninga då gudstenesta nærmar seg slutten. Sjå side 3.

Framsyning med Ryfylke Livsgnist 29. august i Skjold kyrkje (sjå side 5)
«Haugespor – Skaparånd, spetakkel og strikkepinnar»

Prosten har ordet	2	Konfirmantarbeid	5	Vats bedehus / soknehus	8
Redaksjonspennen	3	Påskevandring i Vikebygd	5	Støtteannonser	9
Min song	3	Kjære Gud fader i himmelens slott	6	Gudstenestelista	10
Digital forkynning	3	Eit trusopplæringsår utanom det vanlege	6	Møte og arrangement	11
Konfirmantane i 2021	4		7	Frå kyrkjeboka	11
Flott resultat i Fasteasjonen	4	Pinse = påskeresonans		Eldsjelpris til Magne Bokn	12

**HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega Design AS

SOKNEPRESTANE:
Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: tysdag–fredag, 9–15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Prosten har ordet

Rune Steensnæs Engedal, prost i Haugaland prosti



Kva i all verda er sanning?

I eit radioprogram tok dei for seg ein del ord og uttrykk som ikkje blir belyst så ofte lengre. Denne dagens ord var «sanning». Programleiaren ringde rundt for å få svar. Naturleg nok blei sentralborddama i Oslo kommune litt forvirra då han spurde:

– Kan eg få snakke med nokon som kan sei meg noko om sanninga?

– Kva for etat skal du ha tak i, spurde ho tilbake.

– Nei, det er det same, berre det er ein som kan sei meg noko om sanninga.

– Sanninga om kva?

– Ikkje noko spesielt. Berre rett og slett sanninga.

Då var det tydeleg at sentralborddama ville bli kvitt innringaren, så ho sa:

– Eg trur det er best du ringjer Kyrkjearådet.

Så programleiaren ringde til Kyrkjearådet og stilte spørsmålet på ny:

– Kan du seie noko om sanninga?

Og ho som tok telefonen i Kyrkjearådet svarte glimrande:

– Den store sanninga dreier seg om to ting. Først: Kven er Jesus? Og så: Kven er du?

Sanningsanden som kom i pinsa vil vise oss sanninga om Jesus – og sanninga om oss sjølve. Pinsa er festen der vi feirar at Jesus framleis er her som ein levende og skapande verkelegheit. Jesus kom med ord om trøyst: «Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldrelause born.»

Derfor gjev han oss «Sanningsanden», Den Heilage Anden. Og der Den Heilage Anden er, er det plass for alle som ikkje veit kor dei skal, og alle som føler seg heimlause.

Det vert fortald om ein eldre dansk

prest som skulle forklare konfirmanthane sine kva Den Heilage Anden er for noko. Han skreiv tre kjende ord på tavla: «Eg elskar deg!» Konfirmanthane lurte på om det hadde rabil for presten, men så forklarte han:

– Så lenge desse orda berre står på tavla, er dei døde og utan meinig.

Men i den augneblinken ein ung mann, med blomar i hendene, seier orda til den han er foreksa i, er det helt annleis. Då kjem det ånd i dei. Poenget hans er at Jesus ber oss om å forhalde oss til Guds kjærleik, slik den kjem til praktisk uttrykk i kvardagen. Det handlar ikkje om religiøse førelsar, men tilhøyret. Det handlar om at vi ikkje treng vere eit folk som driv rundt utan mål. Pinse handlar om Andens nærvær, og dermed kjærleikens nærvær. Vi elskar fordi han elsa oss først. (1. Joh. 4, 19)

Søren Kierkegaard har ei heil bøn bygd på denne grunnleggande tanke i vår kristne tru:

Gud, du har elsa oss først, men vi talar om deg som om du berre hadde elsa oss først en gong i fortida. I verkelegheita er det dag for dag heile livet igjennom at du har elsa oss først. Når vi vaknar om morgonen og vender vår sjel mot deg, har du kome oss i forkjøpet – du har elsa oss først. Dersom eg står opp før dagdryg og i same augneblinken vender mi sjel i bøn til deg, då er du allereie der – du har elsa meg først. Når eg legg bak meg alt som uroar og sokjer inn i sjela for å tenkje på deg, da er du stadig den første.

Der Den Heilage Anden er, er det også kyrkje. Der er det kyrkjelyd. Ho som svarte på spørsmålet frå radioreporteren hadde grepe noko viktig:

– Den store sanninga dreier seg om to ting. Først: Kven er Jesus? Og så: Kven er du?

Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland

Det er tid for årsmøte, også i Hyrdingen som kom ut med 5 nummer i 2020. Vi måtte redusera med ei utgåve og klarte å få eit lite overskott, eit stykke frå det vi treng for å gje ut 6 nummer. Hyrdingen er avhengige av «Bladpengar» som vert sendt inn av lesarane, enten på giroen i utg. nr. 1, eller med bruk av Vipps-nr. 53 14 72. Tusen takk til deg som trufast støttar oss. Vi vonar at fleire skal velja å hjelpe kyrkjebladet med å koma ut til alle husstandar med seks nummer.

Våren er ei festtid med mange rauda dagar på kalenderen, der vi har lyst til å møtast og feira. I år kan vi ikkje ha dei store samlingane, men mange er kreative og finn løysingar. Soknepresten i Vikedal hadde mange gudstenester digitalt. Det var som å sitja i kyrkja. Prest og klokkar var på plass. Forsongarar, kantor, bibeltekstar og forkynning. Nede på skjermen kom songtekstane fram, slik at dei som ville kunne syngja med, heimefrå. Mange nyttar seg av dette. Vi trur kanskje at det berre er ungdommen ein når digitalt, men her var mange også med høg alder. Nokre fekk hjelp av born og barnebarn med å kopla seg opp. Guds ord vart forkynt, og vi fekk delta. Takk for innsatsen til dykk alle.

Konfirmasjonane er utsett til hausten. Då er det kanskje også mogeleg å samla familien i litt større grupper slik at mange kan gle seg saman med ungdommene denne dagen.

Så er det pinse. Den tredje store høgtida i kyrkja. Vi har fått hjelp av Harald Eintveit til å fortelja litt om bakgrunnen på side 7.

Vi i redaksjonen ynskjer alle ei god pinse og god sommar.

Min song

Mitt navn er Tordis Sørhus. Eg er 10 år og går i 5. klasse på Vats Skule. 'Min song' er 'Alt på hodet'. Den lærte eg på Justøy Bibelcamping for nokre år sidan. Me sang den ofte på barnemøtene. Eg var der ilag med ei venninne, Silvia Velde, og syng den ilag med henne fortsatt. Eg syns det er ein gøy sang og kjekt synge den med bevegelsar!

**Utfordring til deg:**

Har du lyst å presentera ein song du er glad i? Kontakt Hyrdingen: Tlf. 90873170

Digital forkynning

Av Steinar Skartland

Mange har sakna å kunna møtast til gudstenester i kyrkjene det siste året. Difor er det gledeleg at sokneprestane, saman med tilsette og frivillige hjelparar, har teke i bruk alternative løysingar. Særleg vil vi nemna sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde, som i påsketida hadde mange gudstenester frå kyrkjene, overført via internett på kyrkja si Facebook-side, som biletet på framsida viser.

– Eg har fått mange positive tilbakemeldingar, fortel ein glad Tsegayesus på telefon til Hyrdingen.

– Eg var truleg einaste på Haugalandet som hadde digital gudstene på alle høgtidsdagane i påska, i alt fem gudstenester, der den første var frå Fjellstø på Palmesundag. Skjærtorsdag i Sandeid og langfredag i Vikedal. 1. påskedag nådde han å ha gudstenester både i Vikedal og Imsland kyrkjer. Han rettar ein stor takk til Tore Tokheim og Eirik Stople,

Alt på hodet

Av Vetle Jarandsen

Alle som ønsker kan komme å være med I gjengen til Jesus
Han inviterer selv dem ingen ser
Han er alles venn

Ref.:
Kom, kom å hør om Jesus
Han som vandt for oss
Han som vendte sorg til glede
Den minste ble den største
Alt ble nytt ved han
Jesus snudde alt på hodet (x 3)

Når vi er triste og selv ikke helt forstår
Alt det som skjer rundt oss
Kan vi få be til en Gud som vil høre på
Og svare tilbake

Ref. x 3



Blomehelsing frå biskopen

som saman med klokkarar, kyrkjeterar, kantor og kyrkjevert m.fl. gjorde ein stor innsats for å få dette til.

– Mange eldre fortel at dei fekk hjelp av barnebarn til å sjå sendingane på nettet. Biskopen i Stavanger sende blomehelsing til prestane med takk for innsatsen i ei vanskeleg tid dei har bak seg.

Etiopisk Kaffitreff

Soknepresten tenkjer framover og vil gjerne invitera folk til etiopisk kaffitreff på bedehuset i Vikedal.

– Kanskje kombinert med basar og eit måltid? fortel han entusiastisk. Men vi må koma tilbake til datoen då det ennå er litt vanskeleg med tanke på korona-pandemien.

Vikestølsmøtet

Søndag 27. juni kl. 12:00 kan vi igjen samlast på Vikestølen til stemne. I år er Inge Halstensen frå Bekkjarvik talar på stemnet, som er arrangert årleg sidan 1900. «Ein samfunnsbyggjar med Hauge i bagasjen» er tittelen på biografien om Halstensen. Lektoren og skipsreiaren som i BT vart omtala som «Fiskaren på lag med Jesus». Vi vonar epidemien let oss samlast slik tradisjonen har vore til møte med song og forkynning i fjellet, ein times gange på skogsveg frå Eikås eller Vikebygd.

Konfirmantane i 2021

SKJOLD – laurdag 21.8

Knut André Grønlie
Emma Lovise Alendal
Anna Hjelmeland Gregersen
Tina Åserud
Malin Haugen Langeland
Daniel Vestre
Hedda Ersland Byrkja
Ragnheidur Solveig Ingolfsdottir
Mathilde Nesbu
Nina Aliana Bauge
Daniel Amundsen
Torstein Sandvik
Stian Nesheim

VIKEBYGD – søndag 22.8

Eline Veastad
Alexander Skjold
Kristoffer Olsen
Amalie Fredriksen
Asgeir Koltveit
Vilde Hamre Tindeland
Camilla Bjørnevik
Julie Birkeland Bakkevik
Jonas Hetland Fostenes
Anna Strømø Sætre
Mathilde Owe

IMSLAND – søndag 29.8

Asbjørn Innvær Staurland
Beate Innvær Staurland
Jenny Marvik Johansen
Konstanse Øvregård
Norman Kristine Imsland

Merk: Talet på gudstenester kvar konfirmasjonsdag og respektive klokkeslett vil avhenga av smittevernreglane og kor mange som kan samlast i kyrkjene på det tidspunktet.

VATS – laurdag 28.8

Marius Gjellestad
Hans Fredrik Velde
Amelia Strand Jensen
Marita Vaula
Nikolai Haraldseid
Emma Djuve Jekteberg
Jenny Ohm
Bernt Aksel Skrede
Marte Rødde Nesheim
Tuva Günther Skogen
Emilia Aaserød
Iselin Vannes
Filip Meszynski
Stian Velde
Kristoffer Lea-Koltveit

ØLEN – laurdag 4.9

Celine Nordanger
Daniel Berge Ljosnes
Emily Alvseike Johansson
Frida Ingebrigtsen Bjelland
Guro Pettersen
Hedda Gangdal
Helene Handeland
Knut Harald Fjæra
Lars Gjørjan Økland
Liva Heggebø
Mia Hundhammer
Oskar Dalaker Miljeteig
Ranveig Økland
Stina Heggebø Tveita
Yngve Klungland Halbrend

SANDEID – søndag 5.9

Anne Skeie
Eivind Apeland Skarpeid
Emma Vestbø
Ivar Miljeteig Svendsen
Jenny Eikemo Årak
Hanna Lien Johnsen
Kaja Skjold Stensland
Leander Helgevold Hundseid
Markus Kambe
Sander Jansen
Siren Stople Enge

ØLEN – søndag 5.9

Aaron Bwalya Herigstad
Charlotte Eikesdal
Elias Dyngeland
Isak Berge
Marley Fryze
Nickolai Yrke Eikelund
Odin Tvedt Haarde
Sigrun Risøy
Tuva Aarekol

BJOA – laurdag 11.9

Hanna Eikehaugen
Ådne Rambjørg

VIKEDAL – søndag 19.9

Astrid Skogen
Alexander Låte
Bertine Skipevåg Tveit
Kristina Staknes Bakkedal
Ida Sofie Vårvik Staknes
Ingeborg Klæboe Moland
Jon Torgils Staurland
Marius Aksdal Vestbø
Matias Reimers Holten Leifsen
May Tiril Staurland
Vårin Stråpa Grimås

Flott resultat i Fasteaksjonen

Av Kari Vik Stuhaug

Innsamlingsaksjonen til Kirkens Nödhjelp, den såkalla Fasteaksjonen, måtte også dette året gjerast digitalt. Men denne gongen var konfirmantane litt betre førebudde enn i fjor, og det viser på resultata!

Då konfirmantane fekk læra om å ta ansvar for andre (på digitale samlingar!) og om at pengane går til å gi REINT VATN til menneske under andre vilkår enn oss, fekk dei også tips om korleis dei kunne skaffa sponsorar til ulike aktivitetar dei valde sjølv, og på den måten

skaffa givarkroner til Kirkens Nödhjelp.

Konfirmantane i Ølen og Bjoa skaffa på denne måten ca. 26 000 kr til Kirkens Nödhjelp gjennom sine sponsorar. Det er i gjennomsnitt 1000 kroner på kvar. **VELDIG BRA!** Dermed bidrog flinke og ivrige ungdommar til VARIG REINT VATN TIL 104 PERSONAR.

Dette er noko av det som blei meldt utført av aktivitetar: Jogga, høgtrykkspylt terrassen, plukka søppel i stranda, vaska bil, vårpuss av båten, tur til Roatoppen, baka boller, hinka og

pushups, vaska vinduer, handla for folk i familien, bada i sjøen (!), laga mat m.m.

Totalt vart det registrert ca. 39 483 kr fra Ølen og Bjoa sokn. Det er tett opp mot 41 500 kr som blei samla inn ved å banka på dører for to år sidan, og langt over 18 690 kr blei samla inn i fjor. Det nyttar å gjera ein innsats! Hjarteleg takk til alle som har bidratt!

Tal for heile Vindafjord:

2019: 134 242 kr
2020: 68 674 kr
2021: 112 704 kr



Foto: Eirik Stople, Sokneprest: Tsegayesus Hurisa Hunde

Superlaurdag og konfirmantarbeid i Vikedal, Imsland og Sandeid

I forrige nummer av Hyrdingen kunne du lesa om superlaurdag for konfirmantane i fleire av bygdene. Same dag, i februar, var det tilsvarande konfirmantopplegg også for konfirmantane i Sandeid, Vikedal og Imsland, der desse bileta er frå. Dei var samla på bedehuset i Vikedal ein stor del av dagen til undervisning og aktivitetar. Fleire frå sokneråda her inne deltok



som leiarar saman med Tsegayesus Hurisa Hunde. I konfirmantopplegget inngår også ein dagstur for dei til Utsira laurdag 22. mai, men sjølv konfirmasjonen vert til hausten (sjå side 4).

Haugespor

Sundag 29. august arrangerer sokneråda i Skjold og Vikebygd, saman med soknerådet i Vats «Haugespor- Skaparånd, spetakkel og strikkepinnar» med Ryfylke Livsgnist. Det er 250 år sidan Hans Nielsen Hauge blei fødd. Seinhausten 1802 kom han på besøk til garden Svantesvold i Vats, han kjende gardbrukarane Guro og Tobias Svantesvold som budde der.

Dugnadstdid

Mai er dugnadstdid, og i år er det verkeleg kjekt å treffast for å gjere dugnad. Det var godt oppmøte på Vikebygd kyrkjegard, og det blei fint til nasjonaldagen.



Bjarne, Marta og Brit Nelly ordnar beda.
Foto: Ingrid Sørvåg

Påskevandring i Vikebygd

Denne påskeveka kunne me ikkje feira gudsteneste i kyrkja vår, men me kunne arrangere påskevandring utanfor kyrkja. Det var hengd opp postar med spørsmål til påskeforteljinga og med praktiske oppgåver. Ei av oppgåvene var til dømes: kvinnene som kom til den



Heine Nes og Thea Rødde.
Thomas Rødde var også med, men ikkje på bildet for han var fotografen.



Trygve og Astrid Leiknes Nag

Kjære Gud fader i himmelens slott

Av Guri L. Ravatn

Slik starta mi barndoms «aftenbønn». Korleis starta di?

Me er mange som hugsar kveldsbøna og/eller -songen som eit trygt følgje inn i natta. Både englar, Gud og foreldre passa på ein! Mi børn lærte eg av mor og mormor og var slik.

*Kjære Gud Fader i himmelens slott.
Takk for i dag jeg har hatt det så godt.
Nå må du ikke være lei på meg,
selv om jeg i dag har bedrøvet deg.
Send dine engler å passe på;
alle de store og alle de små.
Så kan jeg sove så trygt og så godt!
Kjære Gud Fader i himmelens slott.
Amen. Godhatt*

Gamle kveldsbøner er levande folke- minne som bør bli samla inn og takast vare på, ein levande tradisjon som ikkje bør gå i gløyme boka. Eldre menneske og demente hugsar ofte godt det som var kjært for lenge, lenge sidan. Kan ei kveldsbørn frå eigen barndom vera ein fin inngangsport til samtale med desse? Eller kan dei minnast kveldsbøner med eigne barn? Det trur eg – og det har eg lyst til å prøva ut når me kan møtast.

I koronatida starta eg opp eit lite innsamlingsarbeid. Dette var ikkje rette

tida for å «reka rundt» med mikrofon og treffa mange folk, difor nyttet eg Facebook til informasjonskanal. Eg la ut oppmoding om å skriva inn eller senda meg bøner. Eg tok geografisk utgangspunkt i meg sjølv; fødd og oppvachsen i Sauda, med foreldre frå Haugesund, nå busett i Ølen/Vindafjord og med ei slektsgrein frå Skånevik. Difor avgrensa eg innsamlinga geografisk til områda Nord-Rogaland, Sunnhordland og Ryfylke. Og eg ville ha bøner brukt før ca. 1970, altså minst 50 år gamle. Nå har eg ei samling med ca. 40 ulike bøner – og mange variantar av nokre av dei. Nokre er mykje brukta, i ulike bygder og av eldre dato, slik som denn skiven i Danmark i 1813.

Nå lukker seg mitt øye,

*o Fader i det høye
i varetekta meg ta.*

*Fra synd og sorg og fare,
din engel meg bevare,
som ledet har min fot i dag*

Ei nyare bøn, skiven av Margrethe Munthe er og utbreidd:

Kjære Gud, jeg har det godt,
*takk for alt som jeg har fått.
Du er god, du holder av meg,
kjære Gud gå aldri fra meg.
Pass på liten og på stor,
Gud bevare far og mor.*



III.bilde: skulpturen Fred, av Dorothea Steigerwald

Og så har born dikta vidare:

Og alle barn på jord!

Kan hende har du ei bøn, som ikkje er i samlinga mi? Eg vil gjerne skriva inn fleire bøner, så ver gild å senda meg det du hugsar. Du finn meg på Facebook/Messenger eller på epost: guri.ravatn@gmail.com.

Ekstra gledeleg er det dersom du tar deg tid til å skriva litt om kor du budde som barn, kva du hugsar kring bøna, kven som las med deg o.a.

På førehand takk!



Den rauda stolaen symboliserer pinseanden (med flammetunger) og kyrkjefellesskapet. (Foto: Jan Nordtveit)

Gud

Gud, vår Far i alle tider:
Lær oss sjå di skaparmakt!
Du som var og er og bliver.
Altet er deg underlagt.
Ved ditt Ord du skapte kosmos,*
på din ordre Ijoset kom.
Natt vart vendt til lyse dagen.
Liv steig fram for første gong.

Gud, til oss din Son du sende;
opna vidt vårt sinn og syn
for din kjærleik utan ende,
glødd i glans ved himmelbrynen.**
Ordet feste bu iblant oss,***
lækte folk og sette fri
kvar ein træl frå armodsåket.****
Livet vann med nådetid.

Gud, din Ande let du renna
kvitsundag ved samlingsfest.*****
Ver oss nær når sorg vil brenna
i vårt hjarta, høge gjest!
Gjev oss pinsesfred i uro,
send din talsmann sterkt og mild,
slik at livet vårt kan vitna:
Det er deg me høyrrer til!

Harald Eintveit

*1. Mos. 1,1–2,4; **Matt. 17,1–2;
Johs. 1,14; *Matt. 15, 29–31;
*****Apkj. 2,1ff.

Eit trusopplæringsår utanom det vanlege



Born med på skattejakta i Sandeid kyrkje

Av Berit Stople

Dette skuleåret er det mange som skulle få bryne seg på smittevern og avlysningar av ymse aktivitetar. Også i trusopplæringa har dette merkast.

Dei tiltaka me kunne invitere til måtte me endre på i større eller mindre grad. Me er likevel veldig glade for at me har fått treffenokon av dei flotte gutane og jentene som er i bygdene våre! Vinterens Store skattejakta i kyrkjene for

1.-klassingane fekk me nesten fullført før kommunen stengte ned. Babysong har vore litt av og på. Men nå utover våren er me endeleg i gong igjen og me håpar at dei siste samlingane med babysong kan gjerast ferdig før sommaren.

5.-klassingane er nokon av dei som har mista mange samlingar dette skuleåret. Me fekk ikkje gjennomført Lys Vaken som me pleier å ha første helga i advent. Så blei 5.-klassleiren avlyst, og gudstenesta der dei skulle få Bibel har blitt utsatt og utsatt. Nå ser det ut til at alle skal få utdelt Bibelen før sommaren, nokon får også ei lita samling som erstatning for 5.-klassleiren. Og Lys Vaken skal dei få invitasjon til neste skuleår – det tiltaket er nemleg no flytta til 6. klasse!

Pinse = påskeresonans

Av Harald Eintveit

Me har liksom tydelege bilete av kva dei tre store høgtidene i kyrkjeåret uttrykkjer:

Jula med ljós i vintermørkret og englar som «daler ned i skjul». Barnet i krubbeseng lyser opp og ber bod om at noko nytt er i emning.

Påska med sol over snødekte vider, vinter og vår i kraftige spenningar, livet vinn over alt som tilsynelatande var daudt.

Så den herlege pinsa med strålande sol over alt natur- og menneskeliv, angande blomar i parkar og hagar og kyrkjeklokker som syng sommaren inn! Er pinse likevel noko meir?

Pinse relaterer seg til det greske ordet «pentekoste» som tyder «den femtiande», altså den femtiande dagen etter påska. Desse to høgtidene høyrer uløyseleg i hop i kyrkjeåret og pinsa utgjer oktaven, den åttande dagen, etter sju gonger sju dagars påskejubelsintervall.

Slik tilfellet er for påska, har også pinsa si opphavlege historie i Det gamle testamentet, der den er relativt kort omtalt som sjuvekehelga under innhaustinga av kveitegrøda (2. Mos.

Anden vil kontakt med menneske, kommunikasjon og misjon. Ingen skal lenger vera utekulka frå Guds eineståande kjærleiks- og fredslønader. Alle kan få merka livet, ljoset og varmen dersom me let Anden gjera oss levande. Når dette hender, vert innsikta i Guds skattkammer ny og klåreliken i verkstadens hans, kyrkja, verkeleg. I pinseandens forklæringsljos får me endeleg sjå betre og betre inn i Guds djupn. Jesu kross skaper mening. Soningsverket legg grunnlaget for ny start etter eit kompakt øydelagd liv med Gud og med menneske. Påskedagens sigerskommuniké trenger inn i hjarto våre og skaper resonans, gjenklang på pinsedagen.

Pinse – det er noko anna enn utfalding av blad og blom og lyden av sommarsus i alle hagar og parkar. Samtidig er det det på ein måte! Det er Guds fantastiske sommardag når solljoset får alt til å gro og veksa i Jesu Kristi kyrkje.



Illustrasjonsbilete (Omega Areal)

Vats bedehus / soknehus

Av redaksjonen

Idéen om eit kombinert bedehus og soknehus vart lufta ut på 2000-talet, fortel Sjur Inge Stødle, leiar i styret. – Me såg oss ut ei tomt mellom Kyrkja og Vindafjordhallen og i 2009 kom dette området med i den nye kommuneplanen (reguleringsplan). Nå er me klar til å starta tomtearbeidet.

Eit folkemøte 1. februar 2010 gjekk inn for tomtekjøpsavtale og det vart skrive intensjonsavtale om tomtekjøp januar 2013 med grunneigar (Skøyte tinglyst 26.11.2013, gardsnr. 110, bruksnr. 32). Same året, 13.05.2013, vart det halde stiftingsmøte og «Vats bedehus / soknehus – foreining» vart registrert i Einingsregisteret og Frivilligregisteret i Brønnøysund (Org. nr. 911 818 744). Det er vald eit styre med 7 representantar frå Vats, der ein vert vald av soknerådet og resten på fritt grunnlag i bygda.

Vedtekten seier at formålet for foreininga er å støtta/driva kristent arbeid for alle aldersgrupper, misjon heime og ute, og førebyggjande arbeid mot rus i bygda Vats. Huset kan òg leigast ut og nyttast til andre kulturaktivitetar og organisasjonsarbeid, om det ikkje er i strid med §3, som seier: «Det teologiske grunnlaget for foreininga er

den kristne læra slik ho kjem til uttrykk i Bibelen og den Apostoliske truvedkjennингa. Dei som vil nyttu huset til forkynning, må halda seg til dette grunnlaget.»

Vats – ein gammal kyrkjested

Historikarar som refererer til dokument frå 1327/28, meiner at dette har vore kyrkjestaden i bygda heilt tilbake til 1200-talet, og festskriv for kyrkja viser til Aam kyrkje frå 1282 til 1334. I eit dokument frå 1319 er kyrkja lokalisert til Waten (Vatne). Den noverande kyrkja vart ferdig hausten 1855. Kyrkja før denne var frå omlag 1640 og stod nord for noverande kyrkja, og før denne skal det ha vore ei stavkyrkje her.

Oppstart av bygget

Bedehusa våre dreg på åra. Både dei og kyrkja har store manglar når det gjeld universelle løysingar og dette nye bygget like ved kyrkja kan dermed fylla fleire formål. Med tida vart ein einige om å kalla huset for Arken.

– Endeleg greidde me, i desse korona-tider, å få gjennomføra årsmøtet onsdag. 28. april, seier Sjur Inge Stødle. – Då vart det vedteke å setja i gong med grunnarbeidet snarast mogleg.

Dei startar nå med å fjerne matjorda, som skal nyttast andre stader. Bygget er delt i 2 trinn, og styret har nå løyve frå årsmøtet til å byggja trinn 1 med ei ramme på 12 mill. Dette vert eit avlangt bygg og leiaren reknar med å ha det ferdig i løpet av to år. Klarer dei å realisera også 2. byggjetrinn vil bygget få form som ein L. Det trengst sjølv sagt pengar og mange har bunde seg som faste gjevarar. – Me er glade for alle som er med og støttar, og me treng også mykje dugnadshjelp framover, seier Sjur Inge, som viser til at fleire opplysningar kan lesast på heimesida: www.arken-vats.no

Sjur Inge takkar kyrkjeverje og Vats sokneråd for godt samarbeid.



Illustrasjonsbilete (Omega Areal)

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelvetsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

 Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no





Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

 Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

 Ølen auto

 tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

 GRANBERG GARVERI^{AS}

Bjoavegen 187 - 5582 Ølen svåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no



Haugesund
Sparebank



Ny leiar i Fellesrådet

Av Steinar Skartland

Alle sokneråd i Vindafjord har ein representant i «Fellesrådet for kyrkjene». I tillegg er kommunen og biskopen representert med eitt medlem kvar. Fellesrådet vel sjølv leiaren for eitt år om gangen. I året vi har bak oss var Øyvind Haraldseid leiari. Vi takkar han for godt leiarskap i krevjande tid der pandemien har gjort det utfordrande både med møte og kyrklege samlingar.

På rådet sitt første møte i 2021 vart Steinar Sørhus frå Vats vald til ny leiari etter at Haraldseid sa frå seg attval. Han får med seg som nestleiar, Åse Vigdis Rønnevik, (som avløyser Knut Omdal). Vi ynskjer den nye leiaren og nestleiaren til lukke med valet og tilliten dei har fått.

Dato	Stad/kirke	Tid	Informasjon – sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
23.05.2021	Imsland kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste pinsedag. Nattverd, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh. 14,15-21
23.05.2021	Vats kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste pinsedag. Nattverd, Takkoffer	Joh. 14,15-21
23.05.2021	Bjoa kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste pinsedag. Nattverd, Takkoffer: Diakoniarbeidet	Joh. 14,15-21
23.05.2021	Sandeid kyrkje	17.00	Høgtidsgudsteneste pinsedag. Nattverd, Takkoffer	Joh. 14,15-21
30.05.2021	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste. Takkoffer	Luk. 10,21-24
30.05.2021	Sandeid gamle kyrkjegard	11.00	Friluftsgudsteneste. Nattverd, Takkoffer: Norsk kyrkje i utlandet	Luk. 10,21-24
30.05.2021	Ølen kyrkje	18.00	Ung Messe ved konfirmantane, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk. 10,21-24
06.06.2021	Imsland kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Joh. 3,26-30
06.06.2021	Refsnes, Vats	11.00	Friluftsgudsteneste, Takkoffer: Global.	Joh. 3,26-30
13.06.2021	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer: Lokal trusopplæring	Joh. 1,35-51
13.06.2021	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh. 1,35-51
13.06.2021	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer: Brandøy	Joh. 1,35-51
20.06.2021	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Matt. 16,24-27
20.06.2021	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste. Takkoffer	Matt. 16,24-27
20.06.2021	Bjoa kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer: Bibelselskapet	Matt. 16,24-27
27.06.2021	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste. Takkoffer: Brandøy	Matt. 7,21-29
04.07.2021	Ølen kyrkje	10.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Matt. 16,13-20
04.07.2021	Vikebygd kyrkje	12.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Matt. 16,13-20
11.07.2021	Vikedal kyrkje	12.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer. (Museet?)	Luk. 19,1-10
18.07.2021	Imsland kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	2. Kor. 8,9-15
18.07.2021	Vats kyrkje	12.00	Gudsteneste. Takkoffer	2. Kor. 8,9-15
25.07.2021	Bjoa kyrkje	10.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Joh. 8,2-11
25.07.2021	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh. 8,2-11
25.07.2021	Sandeid kyrkje	12.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh. 8,2-11
01.08.2021	Ølen kyrkje	10.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Matt. 18,21-35
01.08.2021	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Matt. 18,21-35
08.08.2021	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste. Takkoffer	2. Mos. 20,1-17
08.08.2021	Imsland kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	2. Mos. 20,1-17
15.08.2021	Vats kyrkje	10.00	Gudsteneste. Takkoffer	Luk. 8,1-3
15.08.2021	Sandeid kyrkje	12.00	Temagudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Luk. 8,1-3
15.08.2021	Romsa	12.00	Gudsteneste. Takkoffer	Luk. 8,1-3
21.08.2021	Skjold kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer	Luk. 12,41-48
22.08.2021	Vikebygd kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer	Luk. 12,41-48
22.08.2021	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Luk. 12,41-48
28.08.2021	Vats kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer	Luk. 17,7-10
29.08.2021	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Luk. 17,7-10
29.08.2021	Imsland kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste. Nattverd, Takkoffer	Luk. 17,7-10
29.08.2021	Imsland kyrkje	18.00	Gudsteneste. Takkoffer	Luk. 17,7-10

Ferie for sokneprestane

Prosten melder at ferieplanen for Vindafjord-prestane vert:

Tsegayesus Hurisa Hunde: veke 25–28

Kari Vik Stuhaug: veke 26–29

Kristian Kyllingstad: veke 29–32

Elles vil teologistudent Jon Olav Kvamsøe ha sommarvikariat i Haugaland prosti også i år. Då vil han få nokre tenester i Vindafjord også.

Kven får trusopplæringsprisen 2021?

Me set stor pris på frivillige eldsjeler i Vindafjord som bruker tid, engasjement og krefter på kristent arbeid blant born og unge. Trusopplæringsprisen for 2021 vil bli delt ut til ein av desse i løpet av hausten. Me vil gjerne få inn forslag til kven som skal få prisen i år – me veit det er mange som fortener den!

Kven vil du nominere?

Send e-post før 1.8.21 til kateket Britt, med namnet til den du vil nominere + fortel kort om kvifor denne personen fortener ein pris. E-post: britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Kyrkjetur i Ølen

Framleis er ein del usikkert som følge av koronasituasjonen. Følg med på nettsida www.kyrkjetur.no og Facebook-sida til Kyrkjetur!

20.05	torsdag	17.30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
25.05	torsdag	19.30	Bønnemøte
03.06	torsdag	17.30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
05.06	laurdag	12.00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
08.06	torsdag	19.30	Bønnemøte
11.06	fredag	18:00	Bønnemøte (fellesskap på tvers)
11.06	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
15.06	torsdag	19.30	Bønnemøte
22.06	torsdag	19.30	Bønnemøte
29.06	torsdag	19.30	Bønnemøte
20.08	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
12.09	søndag	17:00	Åpningsfest

Vågen bedehus

Kalenderen blir fortløpende oppdatert på:
www.vaagenbedehus.no/kalender

19.05	onsdag	19:30	Bønnemøte
23.05	søndag	11:00	Søndagsmøte
26.05	onsdag	19:30	Bønnemøte
30.05	søndag	19:30	Søndagsmøte
02.06	onsdag	19:30	Bønnemøte
06.06	søndag	11:00	Søndagsmøte
09.06	onsdag	19:30	Bønnemøte
16.06	onsdag	19:30	Bønnemøte
20.06	søndag	11:00	Søndagsmøte
03.-05.09	fre.-søn.		Åpningshelg. Talar: Gunnar Ferstad

Kva med søndagsskule? Eller Awana-klubb?



Awana i Isvik bedehus!

Frå hausten 2021 vil det bli søndagsskule i Skjold igjen. Eller, Awana-klubb kan me kanskje kalla samlingane? Samlingane vil føregå annakvar laurdag i Isvik bedehus, frå 10.30–12.00. Ved å velja laurdagen unngår me kræsj med det som måtte vera av gudstenester, møte, speidar osb. Me kjem til å dela inn ungane i grupper etter alder. Me vil vera tilslutta Søndagsskulen, og kjem til å nytta oss av Awana som materiell. Awana er relativt nytt i Noreg. Du kan lesa meir om Awana her: awana.no. Sentralt i Awana er det å ha tredelede samlingar med like stort fokus på alle 3 delane; bibelundervisning, smågrupper og leik. Det er også bøker ungane kan ha heime som ein kan lesa i etter samlingane. Bøkene er veldig kjekke og kan brukast både som repetisjon, refleksjon og utfordring for trua. I tillegg til annakvar laurdag, ynskjer me å ha tilsvarende opplegg for 8. klasse og oppover annakvar tysdag (?) same staden. Alle frå Skjold, Vats og Vik er veldig velkomne! (Og sjølv sagt alle andre!)

Dersom det er nokon foreldre som har lyst til å vera med som vaksen på samlingane, er de hjarteleg velkomne til å ta kontakt med Margunn (93083446) eller Guro (98007066).

FRÅ KYRKJEBOKA

Døypte	Døde
Bjoa	26.03.2021 Harald Kåre Hanssen f. 1931 28.05.2021 Marion Eikehaugen f. 1923
Sandeid	04.03.2021 Sigrun Ørnæs f. 1948 29.04.2021 Tørres Helgevold f. 2017
Ølen	16.04.2021 Kåre Opheim f. 1929 13.04.2021 Thelmer Ivesdal f. 1936 21.04.2021 Paul Hundhammer f. 1958
Skjold	02.05.2021 Evelynn Torsteinbø 02.05.2021 Matheus Elander Kvamme Bratthammer
Vats	07.03.2021 Alida Lærdal 25.04.2021 Henrik Skree
Vikedal	12.03.2021 Margit Johanne Håkull f. 1935 30.03.2021 Rasmus Lie f. 1934 15.03.2021 Bertha Osmine Frøland f. 1933 18.03.2021 Randi Børve f. 1928 01.03.2021 Bjarne Inge Andreassen f. 1943

Egil Svartdahl til Ølen:

INFORMASJON

Det kan no bekrefastast at Svartdal kjem til Ølen kyrkje 20. oktober – så sant ikkje smittesituasjonen gjer det umogeleg. Kurset «Velkommen Hjem» startar opp 3. november. Nærare opplysningar om møtet og kurset etterpå kjem seinare.

Brandøy Misjons- og konferansesenter

22.–24. juni	Sommarmin
--------------	-----------

Eldsjelspris til Magne Bokn

Av Inghart Lasse Tveit

Sauda kommune har gjeve Magne Bokn eldsjelprisen for 2021.

Ordførar Asbjørn Birkeland dukka uventa opp heime hos prisvinnaren med gladmeldinga, kan me lesa i avisas Ryfylke. Magne er kjend av mange også her i Vindafjord der han var tilsett som kantor i fleire år. Magne vert elles pensjonist dette året. Som de ser av biletet er Magne ein triveleg og likandes kar – som på entusiastisk vis har og har hatt mange jern i elden – både når det gjeld kyrkjemusikalsk arbeid og på andre måtar, t.d. innanfor kulturlivet. Formannskapet i Sauda dreg



Ordførar Asbjørn Birkeland (Sauda) gratulerer Magne Bokn. Foto: Ingvid Bakka, Ryfylke

m.a. også fram det internasjonale arbeidet hans i høve til vennskaps-samarbeidet med Nicaragua. Magne Bokn vert skildra som eit inspirerande

«ja-menneske» som alltid er positiv og spreier glede rundt seg. Det går gratulasjonar til prisvinnaren også frå Vindafjord!

8.KLASSING
I ÅR?

No
er det
din tur !

KONF
IRM
AN
20 22



Me inviterer til **informasjonssamlingar** i kyrkjene for **8.klassingar og føresette:**

- 8.juni kl.18.30 Ølen kyrkje
kl.20.00 Bjøa kyrkje

9.juni kl.17.00 Vikebygd kyrkje
kl.18.30 Skjold kyrkje
kl.20.00 Vats kyrkje

10.juni kl.16.00 Imsland kyrkje
kl.17.30 Vikedal kyrkje
kl.18.45 Sandeid kyrkje

VELKOMEN SOM KONFIRMANT I VINDAFJORD!

Ei tid for
fellesskap
og til å tenke
sjølv

Meir informasjon og
påmeldingslink
på heimesida:
vindafjord.kyrkjer.no

KONF
IRM
AN
20 22

Åndaktstelenen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten
er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
 Kirkens SOS
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 2. sept. Frist for
levering av stoff er 9. aug.